

Innberetning v/ Ørn Kristiansen 1/11 1982  
 innberetningsdato

Osen gnr. 94 bnr, 1 fk.nr.  
 gardsnavn

Gaular Sogn og Fjordane  
 kommune fylke

Olav Johan Mo  
 eier/bruker postnummer/adresse

Adr. Utgravning, hellekiste under flat mark 1-5/7 1982  
 dato

**Resymé:**

I Medverkande:

Siw Kristoffersen, Ann Stout, Morten Børstein og  
 Ørn Kristiansen (utgravningsleiar).

II Arbeidsrutine:

Ann tok sv/hv bileta medan Siw teikna skissene saman  
 med Ørn. Første dagen gjekk mykje tid med til innkjøp  
 av utstyr, reising og henting av folk. Ca. 3 t  
 effektivt arbeid. Arbeidstida ellers var 830-1630.

III Utgravingsstad:

Utgravingsstaden ligg midt på eit jorde ca. 150 m  
 SV for husa på garden, ca. 100 m frå vika og opp og  
 omlag 100 m NV for riksvegen mellom Bygstad og Dale.

Utgravinga gjekk lett då hellekista låg i oppdyrkings-  
 felt med fint jordsmonn.

Ei lita opphøgning i terrenget der hellekista låg,  
 meinte sonen på garden kunne koma av at det hadde  
 vorte tilført jord frå andre stader på garden.

Lag 1 (0-25 cm) var leiraktig, seig, grovsteina  
 kulturjord. Dette laget låg over og rundt steinane  
 i det avdekka området.

Innb. v/Ø. Kristiansen 1/11 1982

Lag 2A (25-28 cm) var eit mørkt, seigt lag som inneheldt kol, særleg markert i østlege del av feltet (gamal overflate?).

Lag 2B. Dette laget kunne sjåast i østlege veggen som eit 1 cm lyst utvaskingslag.

Lag 3(28-35 cm), var gråbrunt, porøst og små steinet jord som inneheldt kolbitar.

Lag 4 (35 - ) var lysbrunt nærast orangefarga aur, der ardspora synt seg. Lenger nedover vart auren meir steinete.

Fikspunktet vart ikkje nivellert opp frå strandkanten. Difor vert det heilt interne mål. Fikspunktet i seg sjølv var ein spikar på ein påle ca. 3 m frå N-lege hjørnet av utgravingsfelt. Fikspunkt 094. Bakkenivå rundt utgravingsområdet hadde fiks på 130-132. Djupaste nivellement 197 var under hellestein som stakk ned i aur. (Eg har ikkje rekna om nivellementet til djupn i cm.)

#### Arbeidsgang:

Oppreinsking i påførte masser. Byrja flategrave (ca. 3 x 3 m<sup>2</sup>), men kom fort ned på steinar øst for hellekista og dermed vart området utvida til omlag 4 x 5 m<sup>2</sup>.

Grov 10 cm om gongen som flategraving. Frå lag 2 som var synleg i østlege del av utgravingsfeltet, tok ein ut kolprøve (kolprøve 1). Steinane i både hellekista og steinsamling stakk djupare enn lag 2. Det kunne sjå ut som hellekista og steinsamlinga var nedskore då det mørke laget (lag 2) ikkje var å finna ved graving andre stader, verken rundt hellekista eller steinsamlinga. Steinane i såvel hellekista som steinsamlinga låg eit stykke ned i lag 3 (ca. 31-33 cm under noverande overflate) med omlag 3-4 cm frå underkant av steinane og ned til aur. Det var svært likt nivå (jfr. skissane) på steinane både i hellekista og i steinsamlinga.

Kista og steinsamlinga var parallelt orienterte NØ-SV og kortaste innbyrdes avstand var omlag 30-40 cm (mål hellekiste skisse 3).

Ved overgang lag 3/lag 4 (aur) var alle steinane fjerna. Frå under

Innb. v/Ø. Kristiansen 1/11 1982

Ardsporene dekket  
store deler av den n.v.  
halvdel av grunn.  
området.

De tydeligste er  
tegnat inn på tegn.  
av 5/6.

Disse kunne følges  
som lengre mørke  
linjer, mens de  
resterende avtegnet  
seg som mørke,  
mindre regelmessige  
flekker.

steinsamlinga vart kolprøve 2 tatt. Hellestein i nordøstre hjørnet einaste som står att, då denne stikk ned i aur. Reinska opp i overkant av lag 4 og der kom kryssande ardspor tilsyne. Diverre gjorde sterkt sollys og skyfri himmel det vanskeleg å få krysspora til å tre tydeleg fram, både til sjølvsyn og fotografering. Prøvde med påføring av vatn, men det hjelpte heller ikkje. (fargef. 11-16, sv/kv 8-9-10). Ardspora var opptil 5 cm i breidde og djupna 2-3 cm slik dei no låg. Til slutt var det å grava fram hellesteinen frå auren. Rundt steinen som hadde fått slått av bitar (fargef. 18+19), hadde mørk jord frå øvre sjikt trengt ned mellom steinane. Hellesteinen målte 76 x 40 cm og var 6-9 cm tjukk.

Apna til slutt nokre m<sup>2</sup> i auren etter fotografering av ardspora som sjekkruter. Grov 15-20 cm ned i auren, som vart grovare og meir steinut etter kvart nedover. Negativt.

#### Personleg tolkning:

##### 1. Sjølve kista:

Eg har kalla grava ei hellekiste sjølv om ho er noko uklår som det. Men at det er ei klår, oppbygd konstruksjon er det inga tvil om. Hellekista vantar ein kort vegg i sørvestre hjørnet. På nordre langvegg fleire steinar og likeså var det berre tre midtsteinar (då bortteke hellesteinen som stakk djupt ned i aur). Kor lang hellekista har vore, er det difor uråd å seie.

##### 2. Steinsamling:

Eg har kalla den ansamlinga av stein øst for hellekista ei steinsamling, då ho er svært uklår. Den ser ikkje ut til å vera oppkonstruert, eller laga, men meir tilfeldig bortkasta, sjølv om ingen av steinanene låg slengt OPPA kvarandre. Men i løpet av mange år kan desse steinane ha glidd litt frå kvarandre og funne sine lege attmed kvarandre. Difor trur eg ikkje det er to hellekister, men at steinsamlinga er utkast frå hellekista ved siden av.

Det er vanskelig  
å forstå sm. hengen  
mellom de dybt-  
stikkende helle-  
og resten av  
steinene som er  
regnet med til  
"hellekisten"

3. Mørke lag (lag 2).

Når det gjeld det mørke laget i øst som går attmed hellekista og innunder østlegaste stein i steinsamlinga, så er ikkje dette eit brannflak. Til det er ikkje kolmengda konsentrert nok. Dessutan var konsistensen på jordsmonnet seigt, feittaktig, noko som minna om gamal torvoverflate. Dersom dette er tilfelle, kan det sjå ut som om hellekista kanskje er sett ned ein stad der den gamle overflata først er fjerna, eller skava av, - då det ikkje er mange cm det er snakk om.

Då er også den gamle overflata fjerna der som steinsamlinga låg, og då kan fleire spørsmål stillast. Sjølv sagt kan det vera ei naturleg forklaring på det heile.

Tankar:

1. Dersom steinsamlinga er utkast frå hellekista, må utkastet ha skjedd ganske tidleg. Nivellement tyder på svært jamnt nivå på steinane i kista og dei i steinsamlinga.
2. Ingen av steinane i kista eller i steinsamlinga gjekk ned i lag 4 - auren - (unnateke hellesteinen). Difor er det belegg for å seia at ardspora som vart funne i auren er frå ein eldre fase. Ardspora gjekk på kryss og tvers i heile det utgrava området og forsvant innunder ytterveggane. Difor er det tatt kolprøver både frå lag 2, lag 3 og frå ardspora, slik at avstand i tid kan målast.
3. Mangelen på funn var reell nok. Diverre vart det ikkje funn frå hellekista, så ho kan ikkje daterast den vegen. Det einaste funnet (bor?) vart gjort i aur og den låg då i same nivå som ardspora. Om noko samheng kan trekkast her, er vanskeleg å seie.
4. Når det gjeld hellesteinen i aur vart eg fortalt at plogen hengde seg opp i den og då har nok den blitt køyrd med stor kraft ned i den porøse og lause auren (som var hard og kompakt ellers), og lausmasser frå lag ovanfrå som steinen hadde dradd med seg, tyder på det.

De stående hellene ser ut til å være skåret ned gjennom laget med ardsportene - hellene er altså yngre enn ardsportene

Det er godt mulig at hellene sto oppreist ned i auren opprinnelig. Det er vanskelig å tenke seg at alle tre hellene kan ha blitt kjørt så dypt ned i auren med maskin - og så regelmessig (alle tre!) At auren var løst rundt dem kan like godt skyldes utvasking langs steinene. Hellene kan ha blitt løftet noe opp med maskin - som bonden mente. Særlig

den sudlignende av de 3 store hellene (m. niv. nr. 10, 9, nr. tegn av 5/6)

Innb. v/Ø. Kristiansen 1/11 1982

Den har ikkje hatt ein ståande funksjon opprinneleg.

*(kommer ved  
sju Kristiansen?)*

Funn:

Kvartsbit, retusjert - bor?

Funntad øst for østlege hjørnet av hellekista. Funne i øvste del av lag 4 (aur). Nivellement 164.

*Det er godt mulig at boret har sammenheng med ardsportene - selv om det ikke er snakk om sikker kontekst.*

Kolprøver:

1. Frå mørkt lag (lag 2) innehaldande kol, ca. 27 cm under noverande overflate. Om lag 20 cm frå østlege hjørne av hellekista. Nivellement 156 (pkt. skisse 2).
2. Under steinsamlinga i overgang lag 3/lag 4 (aur). Nivellement 161.
3. Frå ardsport V for hellekista. Lag 4 (aur). Nivellement 164-66.

Førde, 1/11 1982

*Ørn Kristiansen*

Ørn Kristiansen

Vedl.: fotoliste


ØK/ba



OPPRINNELIG GRAV

STIKAST (GRAV) ?

14,4  
x



Osen 94/1 - Gaular, Sogn & Fjordane  
Hellekiste under flat mark.  
Plan 2, av 4  
Mål 1:20  
Fix 094  
Dato 3/6-82.





Gnr. 94  
Bnr. 1

Osen, Gaulan 1/7 - 5/7 - 82

S/nr - film

Leica 2165: 2-3.



1

Hellekista avdekka ; fra S



2

Same motiv, fra Ø

Osen, Gaular 1/7 - 6/7 - 82

Leica 2165: 4-5.



3

same motif frai SØ. Antydning til steinsamlinga Ø for kista



4

Steinsamling nærast; kista bak



5

Same motiv fra Ø




6

Kollag i lag 2 - N for steirane. Tynn linse med trekkollistar.  
steinane i lag 3 fjerna i hellekirka og midtsteinane  
i steinsemlinga fra S.

Oslu, Gantar 17-5/7-82

Leica 2165: 10,9  
↓

Same motif  
frå S.



9



Same motif  
frå S.

- Bilde 1            Siw tar første gravesticket. Litt av garden i bakgrunnen.
- 2                Kista er kome fram. Ein endestein er synleg og 2 rekkjer av kantstein (3 rundsteinar i den eine rekkja). 3 steinar ligg inne i. Ingen steinar er fjerna. Tatt mot SØ.
- 3                Same motiv som bilde 2. Alt no kan ein ana at steinane ikkje stikk djupt. Tatt mot NV.
- 4                Meir avdekking og utviding. Steinsamling lenger Ø som ligg i same nivå. Tatt frå SV.
- 5                Same motiv som bilde 4. Tatt mot SV.
- 6                Midtsteinane er fjerna frå hellekista. Merk det mørkare laget "bak" kista. Er no i lag 2. Tatt frå V.
- 7                Same motiv som bilde 6. I øvste kant av bildet ser ein steinsamlinga. Tatt frå NV.
- 8                Steinsamlinga Ø for hellekista. Framleis i lag 2. Tatt frå SV.
- 9                Steinsamlinga. Lag 3. Midtsteinar er fjerna. Mot SV.
- 10               Nede på aur , lag 4. I framgrunnen der steinsamlinga låg, er det berre ein liten stein som stikk ned i auren. I bakgrunnen ser ein dei hellesteinane som stikk ned i auren. Området er nesten oppreinska. Mot N.
- 11               Ardspor i auren frå område S for hellekistestein som stikker ned i auren.
- 12               Ardspor frå område V for hellekistestein.
- 13               Nærbilde - samme motiv, heller dårleg, diverre.

- Bilde 14            Nærbilde frå eit av ardspora. Laget snitt for å sjå dybde og breidde.
- 15                Ardspor S for hellesteinane. Hellesteinane syner skugge i ettermiddagssola.
- 16                Tydelege og gode ardspor NV for hellestein.
- 17                Åpna kvadrat fleire stader rundt på feltet for å ta sjekkruter i auren. Her har Ann og Siw åpna den rundt hellesteinen. Mørk jord for overliggande lag er rast ned langs hella. Frå SV.
- 18                Kantsteinen slik den stakk ned i auren. Småsteinane rundt er "slått" av den store hella. Frå SØ.
- 19                Steinen er gravd heilt fram. Noter "støttestein" bak. Oppreiskinga viste ikkje noko nytt. Frå V.

Gnr. 94  
Bnr. 1

Oslen, Gaular 1/7-5/7-82

Fargefilm

Leica 2166:0-1



1  
Siv tar første gravstikket. Litt av garden i bakgrunnen.



2  
Kista er kome fram. Ein endestein er synleg og 2 rekkjer av kantstein (3 rundkamp i eine rekkja) 3 steinar ligg inne i lagan steinar er fierna. Tatt mot SØ



3

Same motiv som bilde 2. All no kan ein ana at steinane  
ikkje stikk djupt. Tatt mot N.



4

Meir avdekking og utviding. Steinsanking lenger Ø, i same nivå  
Tatt mot NØ.





5

Same motiv som bilde 4. Tatt mot SV.



6

Midtssteinane er fierna frå hellekista. Merk det mørkane laget "bak" kista. Er no i lag 2. Tatt mot Ø



7

Same motiv som bilde 6. I første kant av bildet ser ein steinsamlinga. Tatt mot SØ.



8


Steinsamlinga ø for hellekista. Framleis i lag 2. Tatt mot NØ.



Steinsamlinga. Lag 3. Midtsteiner er fjerna. Mot SV.



Nede på aurlag 4.  
I framgrunnen der steinsamlinga lag, er det bered ein liten stein som stikke ned i aurlag. I bakgrunnen ser ein dei hellersteinane som stikke ned i aurlag. Området er nesten oppreinska.




11

Ardspon i auren frå område S for hellekistestein som stikker ned i auren.



12

Ardspon frå område V for hellekistestein. Dei mørkane strepane er ardspona.



13

Nærbilde - samme motiv, heller dårlig, diverse.



14

Nærbilde fra et av andepora. Laget snitt for å sjå dybde og breidde.

Leica 2166 : 14-15.



15

Ardsjor-S for hellesteinane .  
Hellesteinanes si skygge i umibe billedkanten.

Tydelige og  
gode ardsjor  
NIV for helle-  
stein.



16




17

Åpna kvadratet fleire stadar rundt på feltet for å ta sjekkruiter i auren. Her har Ann og Siv åpna den rundt hellersteinen. Morkjord fri overliggande lag er vart ned langs hella. Mot NØ



18

Kantsteinen slik han slakk ned i auren. Småsteinane rundt er "slått" av den store hella. Mot NV.




19

Den djupstegjånnde hella er gravd heilt fram. Noler "støtstein" vake oppreisinga viste ikkje noko nytt.

Kommentar: "Hvis denne er tollet som "støtstein" skulle den stående posisjonen være primær!"





19

Den djupstegjående hella er gravd heilt fram. Noter "støtsteinen" vake oppreisinga viste ikkje noko nytt.

Kommentar: "Hvis denne er tolket som "støtstein" skulle den stående posisjonen være primær!"